

Protokoll frå generalforsamling i Sunnhordland Lufthavn A/S

Dato : 28. mai 2014

Stad : Møterom i brannstasjonen på Stord lufthamn

Desse møtte :

Frå Stord kommune : Ordførar Liv Kari Eskeland og rådmann Magnus Mjør.

Frå Hordaland fylkeskommune : Mona Røsvik Strømme, fylkesutvalet.

Frå Sunnhordland Lufthavn A/S : Styreleiar Dag Aksnes og dagleg leiar Jan Morten Myklebust

Samtlege aksjar var såleis representerte på generalforsamlinga.

Til handsaming låg føre :

Sak 1 Godkjenning av innkalling

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sak 2 Val av møteleiar

Dag Aksnes vart valgt til møteleiar.

Sak 3 Val av referent

Jan Morten Myklebust vart valgt til referent.

Sak 4 Val av personar til å underteikna protokollen

Dag Aksnes og Liv Kari Eskeland vart valgte til å underteikna protokollen.

Sak 5 Årsmelding

Det var ingen merknader til årsmeldinga.

Sak 6 Fastsetting av resultatrekneskap og balanse

Resultatrekneskap og balanse vart godkjent.

Sak 7 Val

Fylgjande styremedlemmer vart valgt for 2 år :

Dag Aksnes (styreformann), Stord kommune

Terje Søviknes, Hordaland fylkeskommune

Olav Akselsen, Stord kommune

Aslaug Grov Nilsen Almås, Stord kommune

Terje Aleksandersen, tilsette

Fylgjande varamedlemmer vart valgt for 1 år :

Aslaug Kindem, Stord kommune

Silja Ekeland Bjørkly, Hordaland fylkeskommune

Aleksander Grubbe Skjelsvik, tilsette

Sak 8 Godtgjering til revisor og styremedl.

Revisor vert godtgjort etter rekning. Styreformann får eit årleg honorar pålydande kr 83.660, beløpet samsvarar med honoraret til ein komiteleiar i Stord kommuner. Styremedl. får eit årleg honorar på kr 15.000. Varamedlemmer får eit honorar på kr 1.500 pr. møte. Eigarane vil fram mot neste generalforsamling vurdera ei auke av godtgjeringa til styremedl.

Sak 9 Godkjenning av leigeavtale mellom Stord kommune og lufthamnselskapet

Generalforsamlinga vedtok at leigeavtalen mellom Stord kommune og lufthamnselskapet skal handsamast på neste eigarmøte.

Stord lufthamn 16. juni 2014

J. M. Myklebust
Jan Morten Myklebust

Referent


Liv Kari Eskeland



Dag Aksnes